

Granvin herad

Sakspapir

Utval	Møtedato	Saknr
Heradsstyre	04.01.2017	002/17

Sakshandsamar:	Arkiv:	Arkivsaknr:
Plan Granvin	K2 - L12	12/553 - 193

Endeleg vedtak - reguleringsplan for Nesbø hellegneissone

Dokumentliste:

Melding om vedtatt reguleringsplan - Nesbø hellegneissone - Granvin herad
Utglijding- Steinsprangrisiko. Rapport frå Cowi 11.12.16
Gjeld reguleringsplan for Nesbø hellegneissone - PlanID 2013001 - Spildo - Granvin herad
Tilleggsopplysningar til sak om reguleringsplan Nesbø hellegneissone til HS 14.12.16
Korrespondanse - Granvin - Nesbø Hellegneissone - PlanID 12342013001 - Detaljreguleringsplan
Svar på spørsmål om reguleringsplan for Nesbø hellegneissone
ØKOKRIM ?? Klage - Ugylig vedtak formannskapsmøte 15.11.16 Nesbø Hellegneissone
Klage - Ugylig vedtak formannskapsmøte 15.11.16 Nesbø Hellegneissone
SV: Svar på e-post frå 14.11.2016
SV: Svar på e-post frå 14.11.2016
Klage - Ugylig vedtak formannskapsmøte 15.11.16 Nesbø Hellegneissone
Klage - Ugylig vedtak formannskapsmøte 15.11.16 Nesbø Hellegneissone
Spørsmål ad diverse pågåande arbeid i Øvre Granvin
Gjeld reguleringsplan for Nesbø hellegneissone - PlanID 2013001 - Spildo - Granvin herad
Svar på e-post frå 14.11.2016
Ad Reguleringsplan Nesbø hellegneissone
Ad Reguleringsplan Nesbø hellegneissone
Ville tilstander i Øvre Granvin - anarki??
Spørsmål ad diverse pågåande arbeid i Øvre Granvin
Kommentar til brev på innsyn
Entreprenøraktiviteter i Øvre Granvin
Spørsmål til det planlagde steinbrotet i Granvin
Svar på spørsmål om det planlagde steinbrotet i Granvin
Merknad - Granvin - Nesbø Hellegneissone - PlanID 12342013001 - Detaljreguleringsplan
Revidert planframlegg - Granvin - Nesbø Hellegneissone - PlanID 12342013001 - Detaljreguleringsplan
DMFs fråsegn til meklingsdokument for Meklingsmøte - Reguleringsplan for Nesbø hellegneissone i Granvin herad
Reguleringsplan Nesbø Hellegneissone - Plan ID 1234 2013001
Vedk. mekling om motsegn 23.09.16
Meklings sak i Granvin
Forslag til rensepark i Nesbø Hellegneissone
SV: Meklings sak i Granvin
Førespurnad om mekling
Til orientering: Brev frå fylkesmannen vedk. motsegn
Vidareføring av motsegn - Granvin - Detaljreguleringsplan for Nesbø Hellegneissone
Svar på epost vedr førespørsel om bistand til innsyn i offentlige dokument - Detaljreguleringsplan for Granvin hellegneissone - Granvin herad
Vedkomande innsyn i dokument
Klage på førespurnad om innsyn
Klage på førespurnad om innsyn
Klage på innsyn Nesbø Hellegneissone
Nesbø Hellegneissone - Øvre Granvin - Vedr motsegn mot reguleringsplan
Dokument i arkivsak

Førespurnad - Nesbø Hellegneissone
Vurdering av motsegn til reguleringsplan Nesbø Hellegneissone planID 2013001
Varsel om vurdering av korrupsjonsanmeldelse
Nesbø Hellegneisson -Granvin
Endelige plandokument - Nesbø Hellegneissone - Granvin kommune. Mail 3/3
Endelige plandokument - Nesbø Hellegneissone - Granvin kommune. Mail 2/3
Endelige plandokument - Nesbø Hellegneissone - Granvin kommune. Mail 1/3
Kopi: Fylkesmannens beslutning - omgjøring og sakskostnader - Klage - Granvin - Del av Gnr 92 Bnr 1 og Gnr 93 Bnr 1 - Nesbø Hellegneissone - Sakskostnader - Reguleringsplan
Korrespondanse - Granvin - Nesbø Hellegneissone - PlanID 12342013001 - Detaljreguleringsplan
16/850 Orientering om planarbeidet
Orientering om planarbeidet
Uttale til brev frå adv. Våge 13.01.16
SV: Vedr. reg.plan
Vedr. reg.plan
Ved reg.plan Granvin
Granvin herad - del av gnr 92 bnr 1 og gnr 93 bnr 1 - Nesbø Hellegneissone - klage over avslag på søknad om dekking av sakskostnader - oppmoding om omgjøring av Fylkesmannen sitt vedtak av 20.10.2015
Spørsmål - Klage - Granvin - Del av Gnr 92 Bnr 1 og Gnr 93 Bnr 1 - Nesbø Hellegneissone - Sakskostnader - Reguleringsplan
Spørsmål - Klage - Granvin - Del av Gnr 92 Bnr 1 og Gnr 93 Bnr 1 - Nesbø Hellegneissone - Sakskostnader - Reguleringsplan
Spørsmål - Klage - Granvin - Del av Gnr 92 Bnr 1 og Gnr 93 Bnr 1 - Nesbø Hellegneissone - Sakskostnader - Reguleringsplan
Vedk. førehandvurdering av planområde
Revidert areal reguleringsplan
Stadfesting - Granvin herad- Del av Gnr 92 Bnr 1 og Gnr 93 Bnr 1 - Nesbø Hellegneissone - Sakskostnader - Reguleringsplan
Vedkommande spørsmål om steinuttak
Vedkommande steinuttak - SÅkvitenhagen - Granvin
Vedk. innhenting av opplysningar - SÅkvitenhagen -Granvin -Steinuttak 445 mål
Referat frå møte 23.06.15
Vedk. merknad etter fristen
Forsinket klage på steinuttak!
Svar på førespurnad om utsett frist 12.05.15
Oversending av innkomne merknader etter offentlig ettersyn
Kopi av brev til Avis Hordaland v/Karl Ystanes
Samordna uttale med motsegn i sak: Offentleg ettersyn - Granvin - Nesbø Hellegneissone - PlanID 12342013001 - Detaljreguleringsplan
Svar på offentlig ettersyn - detaljreguleringsplan Nesbø Hellegneissone i Granvin herad
Det.reg.plan - Nesbø - Hellegneissone
Statens vegvesen sin uttale til offentlig ettersyn - reg.plan Nesbø Hellegneissone i Granvin herad
Offentleg ettersyn - reguleringsplan Nesbø hellegneissone planID 1234 2013001
Merknader til offentlig ettersyn - reg.plan Nesbø hellegneissone
Klage - Innsyn i dokumenter - Protokoll fra formannskapsmøte 18.03.2015 - Granvin
Offentleg ettersyn - detaljreguleringsplan Nesbø Hellegneissone planID 12342013001 - Granvin herad - fråsegn
Vedk. innhenting av opplysningar
SÅkvitnehagen
Merknader til detaljreguleringsplan Nesbø Hellegneissone
Kopi: Klage på avslag innsyn + Vedrørende habilitet ved vedtak om offentlig ettersyn, PlanId 12342013001. Ber om lovlighetsvurdering
Kopi: Vedrørende habilitet ved vedtak om offentlig ettersyn, PlanId 12342013001. Ber om lovlighetsvurdering
Vedk utsett frist
Vedk. spørsmål og innsynskrav
DMF ber om utsatt høringsfrist for plansak - Detaljreguleringsplan Nesbø Hellegneissone i Granvin Herad
Merknader til Offentleg ettersyn - reguleringsplan Nesbø hellegneissone planID 1234 2013001
Reg.plan Nesbø hellegneissone
Høringsuttale Nesbø hellegneissone
Hellegneissone Nesbø
Detaljreguleringsplan Nesbø Hellegneissone planID 12342013001 - Granvin herad
Vedrørende møte i Granvin Formannskap 18.03.15, Ber fortsatt om redegjørelse, Avventer merknader til offentlig ettersyn i sak om Nesbø Hellegneissone
Granvin - Nesbø Hellegneissone - PlanID 12342013001 - Detaljreguleringsplan - Utvida høringsfrist

DMF ber om utsatt høringsfrist for plansak - Detaljreguleringsplan Nesbø Hellegneissone i Granvin Herad
Fråsegn til offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan Nesbø Hellegneissone - PlanID 12342013001 - Granvin herad. NVEs referanse: 201303775-7

Vedk. innhenting av opplysningar
Høyringsuttale til detaljreguleringsplan Nesbø Hellegneissone, Granvin herad
Merknad til detaljreguleringsplan - Nesbø Hellegneissone - plan ID 12342013001
Uttale - steinbrot i Såkvitnehagen - ekstraveg på jernbanetraséen
Innspill vedr. reg. plan Såkvitnehagen - innhenting av opplysningar
Innspill vedr. reg. plan Såkvitnehagen - innhenting av opplysningar
Svar vedkomande møte Granvin formannskap
Vedrørende møte i Granvin Formannskap 18.03.15
Annonse i Hordaland
Offentleg ettersyn - detaljreguleringsplan Nesbø Hellegneissone planID 12342013001 - Granvin herad
Oversending av klage - avslag på dekking av vesentlege sakskostnader - Granvin herad
Plandokument - Nesbø - hellegneissone - Granvin
Nesbø hellegneissone - viser til notatet av 26.01.15
Kommentar til innsendt framlegg til reguleringsplan for Nesbø hellegneissone med KU
Dokumentgrunnlag for Masseutak - Nesbø, hellegneissone
Klage på vedtak avslag sakskostnader jfr Fv1 § 36
Svar på begjæring om å få sakskostnader tilkjent
Nesbø Hellegneissone - prøvedrift og reguleringsplanarbeid
Støyrapport
Revidert ROS-analyse
Støyrapport og geologisk rapport
Vedk. innsyn i støyrapport datert 24.04.13
Vedk. innsyn i støyrapport datert 24.04.13
Orientering
Nesbø Hellegneissone - Ber om innsyn i støyrapport datert 24.04.13
Vedk. innsyn og spørsmål
Vedk. førespurnad om innsyn
Vedk. førespurnad om innsyn
Vedk førespurnad om innsyn
Ber om innsyn sak 2012000553
Svar på spørsmål om planprg og framdrift
Planprogram og framdrift
Melding om fastsetjing av planprogram - reguleringsplan Nesbø hellegneissone, plan ID 12342013001
Underskriftslistar mot steinbrottdrift i Såkvitnehagane
Såkvitnehagane
Såkvitnehagane
Vedr innspill til planprogram-Granvin
Vedr Planprogram - Granvin Herad.
Oversending av revidert planprogram for Nesbø hellegneissone på del av gnr 92/1 og 93/1 - uttale
E-postkorrespondanse: Planprogram-hellegneissone Nesbø, Granvin
Planprogram for reguleringsplan for Nesbø hellegneissone i Granvin herad. Merknader frå Direktoratet for mineralforvaltning
Statens vegvesen sine merknadar til varsel om oppstart-Nesbø hellegneissone , Granvin
Kopi av brev vedk tilsyn - oppfølging av opprydding og sikring av avslutta uttak, gnr. 93/1 og 93/3
Uttale detaljreguleringsplan Nesbø hellegneissone
Detaljregulering Nesbø hellegneissone
Kopi av uttale 13/00563-3 - Varsel om oppstart samt høring av planprogram for detaljregulering av Nesbø hellegneissone i Granvin herad
Innspel til nytt varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Nesbø Hellegneissone
E-post korr.: Vedr reg.plan Granvin
E-post korrespondanse: Vedr RegPlan Granvin
E-post korrespondanse: Vedr RegPlan Granvin
Vedr varsel om oppstart - Nesbø hellegneissone, Granvin
Svar på spørsmål vedk. avslutning av prøvedrift
Svar på brev vedk. avslutning av prøvedrift
Såkvitnehagane
Vedk. avslutning av prøvedrift
Motteken klage på prøveuttak av murestein ved Såkvitnehagen gbnr 93/1 og 93/3 i Granvin herad
Merknad til prøveuttak av naturstein ved Såkvitnehagen i Granvin herad
Hastebehandles for oppdette virkning i stans av ulovlig uttak av murstein og biprodukter 1/2

VS: Steinuttak Såkvitnehagen

Stans i arbeid - oppsettende virkning - monstertrase Granvin - ulovleg uttak av murstein.

Prøvedrift Naturstein Såkvitnehagane

Mineralstatistikk - Bergverksberetning 2011

Kopi: Forhåndsvarsel om pålegg om stans av uttak i Såkvitnehagen gbnr 93/1 og 93/3, Granvin herad - Brudd på mineralloven § 43. Tiltakshaver Granvin Maskinstasjon AS

Varsel om oppstart av reguleringsplan for Nesbø hellegneissone på del av gbnr. 92/1 og 93/1 i Granvik herad
Innspel til varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan Nesbø Hellegneissone - Del av GBnr 92/1 og GBnr 93/1 mfl - Granvin

Uttale - Oppstart - Granvin - Del av Gnr 92 Bnr 1 og Gnr 93 Bnr 1 - Området RÅ 2 - Nesbø Hellegneissone
Statens vegvesen sine merknader til oppstart av planarbeid for område RÅ 2 - Nesbø Hellegneissone - Granvin herad

Ang.natursteinuttak av massedeponi

Ang. møte om steindrift i Såkvitnehagen

Re. Møte om steindriften i Såkvitnehagen

SV: ang. infomøte i Granvin

SV: ang. infomøte i Granvin

Ang. infomøte i Granvin

Infomøte om natursteinuttak og massedeponi

Vedk. oppstartsmelding for RÅ 2

Varsling om oppstart av planarbeid

RÅ2 - e-post korrespondanse

Oppstartmøte RÅ2 - e-post korrespondanse

Referat frå oppstartsmøte 07.01.13

Tinging av oppstartmøte for reguleringsplan

Svar på e-post: RÅ2

Svar på e-post: RÅ2

E-post: RÅ2

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel
14.12.2016	Endeleg vedtak - reguleringsplan for Nesbø hellegneissone
06.11.2016	2013001_føresegner_Nesbø_hellegneissone
06.11.2016	2013001_plankart_A1_020916
06.11.2016	2013001_Planomtale_m_KU
06.11.2016	2013001_ROSanalyse_Nesbø
06.11.2016	2013001_Vedlegg_Skredrapport for Nesbø hellegneissone
06.11.2016	2013001_Vedlegg_Støvvurdering for Nesbø hellegneissone
06.11.2016	2013001_Vedlegg_Støyvurdering for Nesbø hellegneissone
06.11.2016	2013001_Vedlegg_Vurdering fisk og ferskvannsbiologi Storelvi for Nesbø hellegneissone
06.11.2016	2013001_3D-illustrasjonar_for_Nesbø_hellegneissone_granvin_kommune_hordaland
06.11.2016	2013001_Ecofact_Forslag til rensepark i Nesbø Hellegneissone_rev
06.11.2016	2013001_øvervåking_vatn_prøvepunkt_a3
05.12.2016	Tilleggsopplysningar til sak om reguleringsplan Nesbø hellegneissone til HS 14.12.16
12.12.2016	Øvre Granvin
12.12.2016	Vedlegg_IAS Øvre Granvin161209 ain

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 godkjenner Granvin heradsstyre
Detaljreguleringsplan for Nesbø hellegneissone, plan id 1234 2013001, med dei
plandokument og vedlegg som ligg føre.

Vedtaket har følgjande tilleggspunkt:

- Føresegnene 3.1.1 bokstav D vert endra til «Driftstid i anlegget er kl. 0700-1700 på kvardagar, måndag-fredag. Full stopp (2+2 veker) i fellesferien»

FS 15.11.16 – 042/16 Vedtak:

Tilråding frå formannskapet:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 godkjenner Granvin heradsstyre Detaljreguleringsplan for Nesbø hellegneissone, plan id 1234 2013001, med dei plandokument og vedlegg som ligg føre.

Føresegnene til reguleringsplanen - Punkt 3 Arealføremål:

E: Omfang og oppfylgning av drift: Ved manglande oppfylgning av føresegner/vedtak i reguleringsplan vil det føra til krav om stans i arbeidet.

HS 14.12.16 – 073/16 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 godkjenner Granvin heradsstyre Detaljreguleringsplan for Nesbø hellegneissone, plan id 1234 2013001, med dei plandokument og vedlegg som ligg føre.

Føresegnene til reguleringsplanen - Punkt 3 Arealføremål:

E: Omfang og oppfylgning av drift: Ved manglande oppfylgning av føresegner/vedtak i reguleringsplan vil det føra til krav om stans i arbeidet.

Det vert gjennomført geotekniske vurderingar og rystelsesmålingar i området. Undersøkingssplan skal leggjast fram for NVE før gjennomføring.

04.01.2017 Heradsstyre

Ordføraren sa frå om at både ho og varaordføraren ville be om å få gildskapen sin vurdert. Det måtte då oppnemnast ein setjeordførar, og ho ba om framlegg. Martin Hamre og Lars Brekke kom med framlegg om Knut Endre Folkedal som setjeordførar, og han vart samrøystes vald. Knut Endre Folkedal (SP) tok plass og leia møtet under vurderinga av gildskapen.

Ordførar Winjum (V) ba om å få gildskapen sin vurdert, dottera er ein av grunneigarane. Tore Holven var kalla inn og møtte som vara.

Hans Jakob Mæland (H) ba om å få gildskapen sin vurdert då svigersonen er tilsett i firma som skal driva utvinning.

Marianne Espeland (SV) ba om å få gildskapen sin vurdert, dottera er sambuar med ein av grunneigarane. Ragnhild Laengen var kalla inn og møtte som vara.

Annlaug Haugse Såkvitne (SP) ba om å få gildskapen sin vurdert, son hennar er nyleg tilsett som bergverksarbeidar hovudsakleg i dette prosjektet. Ingrid Sæbø var kalla inn og møtte som vara.

Erling Bruvik (SP) ba om å få gildskapen sin vurdert, han er grunneigar langs den tidlegare jernbanelina som først var med i reguleringsplanen, men som no er ute av planen.

Dei 5 som ba om å få gildskapen sin vurdert tredde frå, og dei 3 innkalla varamedlemene tok plass.

Gildskapan vart vurdert for kvar enkelt person:

Ingebjørg Winjum: Ugild - samrøystes

Hans Jakob Mæland: Gild - mot 1 røyst

Marianne Espeland: Ugild - samrøystes

Annlaug Haugse Såkvitne: Ugild - samrøystes

Erling Bruvik: Gild - samrøystes

Hans Jakob Mæland og Erling Bruvik tok plass att, og varaordførar Hans Jakob Mæland (H) overtok møteleiinga under handsaminga av saka.

Det var sendt eit skriv frå rådmannen med tilleggsopplysnignar til saka.

Ved røysting vart formannskapet si tilråding vedteken med 12 røyster, 1 røyst for rådmannen sitt opprinnelege framlegg (Atle Seim, V).

Det vart samrøystes vedteke å ta med eit ekstra punkt frå tilleggsopplysningane: *Det vert gjennomført geotekniske vurderingar og rystelsesmålingar i området. Undersøkingssplan skal leggjast fram for NVE før gjennomføring.*

HS- 002/17 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 godkjenner Granvin heradsstyre Detaljreguleringsplan for Nesbø hellegneissone, plan id 1234 2013001, med dei plandokument og vedlegg som ligg føre.

Føresegnene til reguleringsplanen - Punkt 3 Arealføremål:

E: Omfang og oppfylging av drift: Ved manglande oppfylging av føresegner/vedtak i reguleringsplan vil det føra til krav om stans i arbeidet.

Det vert gjennomført geotekniske vurderingar og rystelsesmålingar i området. Undersøkingssplan skal leggjast fram for NVE før gjennomføring.

FAKTA:

Bakgrunn

Nesbø hellegneissone er natursteinsførekomst ovanfor gardane Såkvitne og Nesbø i Øvre Granvin. Førekomsten vart teke inn i arbeidet med førre kommuneplan (2009), men mekling med Fylkesmannen i Hordaland (FMHO) vart området berre markert som omsynssone i kartet. Etter prøvedrift vart førekomsten kartlagt på nytt og det starta opp reguleringsplan med konsekvensutgreiing (KU). Planarbeidet vart godkjent politisk og lagt ut til offentleg ettersyn. FMHO fremja motsegn til høyringsframlegget og det har i ettertid vore dialog mellom tiltakshavar, Granvin herad og FMHO. Det har skjedd fleire endringar av framlegget og spørsmål har blitt underbygd med ekstern fagbistand. I sum har dette ført til at FMHO har trekt motsegnet, slik at Granvin heradsstyre no har moglegheit for å godkjenne planen.

Ein markert lokal motstand mot planane har vore ytra gjennom heile perioden. Samstundes har det og vore trekt fram føremoner med tiltaket frå andre lokale.

Føremål

Føremålet med planarbeidet er å laga ein detaljreguleringsplan som legg til rette for rasjonell drift av Nesbø hellegneissone i Granvin med tilknytingspunkt på Moe og nede ved Nesbø. Anleggsveg vil vere lagt til eksisterande trasé og det vil verte oppretta eit anleggsområde for rigg og drift sentralt mellom tilknytingspunkta. Området er rikt på murstein og er ein god lokal-ressurs for Granvin.

Organisering

Granvin Maskinstasjon AS er tiltakshavar for planarbeidet. Aurland Naturverkstad er konsulent for planarbeidet. I tillegg har COWI, Sweco, Ecofact og Johannes Vik Seljebotn bidrege med fagrapportar.

Saksgang

- 18.04.11 Løyve til prøvedrift for uttak av naturstein i Såkvitnehagen
- 26.03.12 Forlenging av løyve til 15.09.13
- 01.06.13 Oppstart av planarbeid for området for uttak av naturstein
- 13.06.13 Informasjonsmøte om prøvedrift og planarbeid. Invitasjon til grunneigarar og naboar. Frode Atterås frå Sweco presenterte støykartlegging for området
- 19.12.13 Revidert oppstart av planarbeid som reguleringsplan med vesentleg verknad for miljø og samfunn med frist 07.02.14
- 27.05.14 Fatsetjing av planprogram og synfaring i Granvin formannskap
- 15.01.15 Innsending av planframlegg i 1.gongs handsaming
- 26.01.15 Notat frå administrasjonen vedk. manglar i framlegget
- 02.03.15 Revidert planframlegg i 1.gongs handsaming
- 03.06.15 Motsegn frå FMHO
- 28.04.16 Revidert framlegg frå tiltakshavar
- 17.06.16 Motsegnet vert opprettheld
- 04.07.16 Granvin herad ber om mekling
- 02.09.16 Granvin herad oversendar revidert framlegg som grunnlag for mekling
- 23.09.16 Fylkesmannen trekkjer motsegnet på vilkår

Planframleggets hovudtrekk

Det vert i framlegget lagt opp til drift i 20 år. Maksimalt uttak i heile driftsperioden er 700.000 m³ fast fjell. Det er ikkje lovheimel til å regulere årleg uttak, men storleiken på driftsområdet er avgrensa fysisk. Driftsområdet er i alt på om lag 122 daa og ligg rundt den kartlagde natursteinsførekomst. Det er bærande prinsipp i planen, at områder der uttak er gjennomført i tråd med driftsplanen, skal setjast i stand fortløpande, jf føresegnene §§ 2.2.2 og 3.1.1. Driftsområde til ein kvar tid vil altså vere mindre det totale område.

Det er ein tilkomst – frå Moo – som knytt driftsområdet til offentleg veg. Tilkomstvegen er den gamle jernbane trase med tilhøyrande tunellar.

Det er regulerte tiltak som skal vere på plass før oppstart av drift, såkalla rekkjefølgekrav: rensepark for overflatevatn/avrenning og avkjørsel til riksveg, jf føresegnene § 2.2.1 og 2.2.3.

Sjå elles planomtale og føresegner.

Følgjande plandokument ligg som grunnlag for vedtaket:

Plankart av 02.09.16

Føresegner av 31.10.16

Planomtale inkl. KU av 02.09.16

Lokalisering av prøvepunkt, kart, 02.09.16

ROS-analyse, 02.09.16

Rapport - Støyrappport -revidert

utarbeidd av SWECO NORGE AS, ved Frode Atterås. 18.12.2015

Rapport - geologisk undersøking av Nesbø Hellegneissone

Utarbeidd av Johannes Vik Seljebotn. 30.08.2014

Rapport - Etappe-illustrasjonar i målestokk frå førebels driftsplan

Utarbeidd av Johannes Vik Seljebotn.

Rapport - Vurdering av virkning av fisk og ferskvannsfisk i Storelvi

Utarbeidd av Rådgivende Biologer AS, 26.01.16

Rapport - Utgreiing av helseeffektar knytt til spreiring av svevestøv

Utarbeidd av SWECO, 11.02.16

Rapport - Skredfarevurdering i Øvre Granvin

Utarbeidd av COWI, 19.02.16

Rapport – Forslag til rensepark i Nesbø Hellegneissone

Utarbeidd av Ecofact, 09.08.16.

Relevante planar

Området ligg i kommuneplanen som omsynssone det planarbeid pågår. Dette skal sjåast på bakgrunn av oppstarten av planarbeid utifrå førre kommuneplanen, der området vart sett til LNF-område der byggetiltak kan tillatast (RÅ2).

Innspel i høyring av planframlegget

Det kom inn 16 merknader/innspel til offentleg ettersyn av planframlegget. Dei originale merknader ligg på www.granvin.kommune.no – planar – Nesbø hellegneissone, RÅ2.

Under er merknadane kort referert og kommentert av plankonsulenten:

Merknad-Offentleg	Innhald	Kommentar
Fylkesmannen i Hordaland	<p><u>Vassdragslandskapet – landskapsverknader</u> Fylkesmannen meiner at planen ikkje opplyser godt nok kva verknader planen vil kunne få for vassdrags-landskapet. Konsekvensutgreiinga (KU) er ikkje utført på ein slik måte at utgreiingsplikta kan reknast som oppfylt. Før det er gjort, kan vi ikkje reelt ta stilling til planforslaget. Det er knytt motsegn til planen på dette punktet.</p> <p><u>Avrenning til vassdrag</u> Fylkesmannen ser ikkje at risiko for avrenning til hovudvassdrag og tilhøyrande anadrom strekning er tilstrekkeleg vurdert i planarbeidet og naudsynte tiltak for sikring mot avrenning er tilstrekkeleg vurderte og heimla i planen, med juridisk binding. Det er knytt motsegn til planen på desse punkta.</p> <p><u>Støv</u> Fylkesmannen vil i staden strekt tilrå at mogelege verknader av støv vert vurderte i samband med konsekvensutgreiinga. Det vil vere uheldig å eventuelt godkjenne ein reguleringsplan dersom helsemessige skadar av svevestøv ikkje er vurdert og viser seg å vere monalege i etterkant.</p>	<p>Sjå pkt. 6.2, revidert planomtale og KU.</p> <p>Sjå eigen rapport om verknaden for fisk og ferskvatnsbiologi i Storelvi, vedlegg. Sjå temakart for blåstruktur sjå revidert KU, punkt 7.3.3</p> <p>Sjå rapport om støv og helsemessige skadar av svevestøv, vedlagt, og revidert KU.</p>

	<p><u>Støy</u> Fylkesmannen meiner at støytilhøva som kan følge av planlagt drift ikkje er tilfredstillande utgreidde. Før det er gjort kan ikkje Fylkesmannen ta stilling til plan-framlegget. Det er knytt <u>motsegn</u> til dette tilhøvet.</p> <p><u>Rasfare</u> Fylkesmannen vil påpeike at ein detaljreguleringsplan alltid bør vise kva tiltak som skal på plass for at planen kan gjennomførast. Ein reguleringsplan skal sikre forsvarleg gjennomføring av bygge- og anleggstiltak, fleirbruk og vern i høve til aktuelle private og offentlege interesser, jf. pbl. § 12-1 andre ledd.</p>	<p>Sjå revidert rapport om støy. Sjå revidert KU.</p> <p>Sjå eigen rapport om rasfare, og revidert ROS-analyse.</p>
Hordaland Fylkeskommune	<p><u>Landskap</u> Vi konstaterer at tiltaket i planforslaget vil gjere inngrep i eit landskapsområde av stor regional verdi. Landskapet er også ein heilt sentral verdi for utvikling av reiselivet i området -Betre illustrasjonar for visualisering -Avklare avtaleperiode -Redusere storleiken på planområdet.</p> <p><u>Næringsutvikling</u> Konsekvensar for landbruket og jordvern vektleggjast. Tiltaka og målsettinga med Skjervet og skjervefossen er ikkje omtala i planforslaget.</p> <p><u>Folkehelse</u> Når det gjeld dei helsemessige konsekvensane vil vi oppmoda om at bebuarane sine opplevingar under prøvedrifta vert tillagt vekt og at det vert utarbeidd eit betre beslutningsgrunnlag.</p> <p><u>Kulturminne og kulturmiljø</u> Teke omsyn til jernbanetraseen i det vidare arbeidet. Registrere og dokumentere kulturminne tilknytt traseen.</p> <p><u>Plankart</u> Omsynssone og utløpsområde for snøksred må utgreiast betre.</p> <p>Hordaland fylkeskommune rår i frå forslag til reguleringsplan grunna konflikt med verdifullt landskap og fordi vi vurderer beslutningsgrunnlaget til å vere mangelfullt for viktige tema i planen, som til dømes bumiljø, helse, turistveg og anna næringsgrunnlag. Vi rår til at desse tema vert utgreidde nærare før planvedtak.</p>	<p>Sjå 3d-illustrasjonar. Sjå reviderte føresegner Sjå revidert plankart. Pkt. 6, 6.1.</p> <p>Sjå revidert planomtale punkt 6.2 Sjå revidertplanomtale punkt 4.2</p> <p>Sjå rapportar om støy og støv og revidert KU.</p> <p>Sjå eige temakart for kulturminne.</p> <p>Sjå faresonekart og revidert plankart</p> <p>Sjå revidert planomtale og KU</p>
Statens vegvesen	<p>Krav til frisisikt 4 meter inn i avkøyringa. Ynskjer ei visualisering frå Skjervet.</p>	<p>Sjå plankart Sjå 3d-illustrasjonar</p>

Direktoratet for mineralforvaltning	<p>Manglar informasjon om kor mykje stein som skal takast ut.</p> <p>Rår til at føresegnene strukturerast på ein meir oversiktleg måte.</p> <p>Føresegn 2.2.2 og 2.3.3 må avklarast.</p>	<p>Sjå revidert planomtale punkt 6.</p> <p>Sjå reviderte føresegner</p> <p>Sjå reviderte føresegner</p>
Noregs vassdrags – og energidirektorat	<p><u>Skredfare</u></p> <p>Saknar betre kartlegging av faresoner som stettar TEK 10. Bør utarbeidast faresonekart for planområdet.</p> <p><u>Granvinvassdraget</u></p> <p>Viser til dokument «verneverdier og brukerinteresser i Granvinvassdraget».</p> <p>Konsekvensane for verneverdiane må vurderast på nytt. Er no satt til ubetydeleg (0)</p>	<p>Sjå utarbeidd faresonekart</p> <p>Sjå revidert KU og planomtale</p>
Kommuneoverlege, Granvin herad	<p><u>Avkøyrsløysing</u></p> <p>Tilrår at nedre vegtraseen vert sløyfa av miljømessige omsyn til bebuarar og campingplass.</p> <p><u>Drift og støy</u></p> <p>Heradet bør ikkje gi løyve til lasting og utkøyning av stein på Laurdagar.</p> <p><u>Utgreiing av svevestøv/støvflukt</u></p> <p>Heradet fylgjer opp utgreiing av helsemessige skadar av svevestøv.</p> <p>Kva er røyntslene med støv frå tilsvarende anlegg?</p>	<p>Vegen ned til Nesheim er no teke ut.</p> <p>Sjå revidere føresegner.</p> <p>Moglegheit for drift på Laurdagen er viktig for å ha naudsynt fleksibilitet.</p> <p>Sjå rapport om svevestøv</p>
Merknad-Privat	Innhald	Kommentar
Elisabeth og Svein Moe	<p>Utfordringar med støv i medhald av material tilknytt sagbruk. Legge til rette for minst moglege ulemper for bebuarane når det gjeld støv og forureining.</p>	Sjå reviderte rapportar for støv og støv
Sveinung Såkvitne & Ragnhild Windsrygg	<p>Negative til etablering av transport på nedre del av jernbanetraseen. Fryktar løysinga ikkje fungerer reint praktisk saman med anna anleggstrafikk. Meir trafikk i området.</p>	Vegtraseen ved nedre del av jernbanetraseen mot Nesheim er i revidert plankart teke ut.
Harald og Elisabeth Kløve	<p>Regulert arbeidstid 7-16</p> <p>Full stopp i fellesferien</p> <p>Avtaleperiode</p> <p>Utgreiing av helsemessige skadar ved «svevestøv»</p> <p>Støykartlegging og støvplagar</p> <p>Betre illustrasjonar av tiltaket</p> <p>Redusera uttaksområde til etappe 3.</p> <p>Fokus på kvaliteten i dalføre tilknytt Skjervet og Skjervefossen.</p>	<p>Sjå reviderte føresegner</p> <p>Sjå reviderte føresegner</p> <p>reviderte føresegner og planomtale</p> <p>Sjå rapport om svevestøv</p> <p>Sjå revidert rapport om støv</p> <p>Sjå 3dillustrasjonar</p> <p>Uttaksområdet er redusert, innsyn er skjerma.</p>
Jon Spildo, Olga Nesbø Presegard, Roy Helge Nesbø Prestegard og Marianne Presegard	<p>Regulert arbeidstid</p> <p>Avtaleperiode</p> <p>Støv</p> <p>Støy</p> <p>Trafikk – tilkopling Nesheim og Moe.</p> <p>Landskap</p> <p>Nærmiljø og friluftsliv</p> <p>Biologisk mangfald</p> <p>Geologirapport</p> <p>ROS</p>	<p>Sjå reviderte føresegner</p> <p>Sjå punkt 2.1 i planomtala</p> <p>Sjå utgreiing av støv.</p> <p>Sjå revidert utgreiing om støv</p> <p>Tilkoplinga ved Nesheim er fjerna.</p> <p>Sjå 3d-modell for revidert uttak.</p> <p>Vegen ned til Nesheim er no teke ut.</p> <p>Sjå revidert planomtale</p> <p>Sjå skredfarevurdering.</p> <p>Sjå revidert ROS-analyse</p>

Helga og Erling Bruvik	<i>Ynskje om å kutte vegen ned til Nesheim</i>	<i>Vegen ned til Nesheim er no teke ut.</i>
Eli og Hans Øydvin	<i>Krev betre rammar rundt arbeidstid og støy. Ein avklaring på konsekvensane for inngrepet med tanke på landskapsbilete. Ta omsyn til Skjervet og Skjervefossen. Revurdera vegen ned til Nesheim.</i>	<i>Sjå reviderte planføresegner. Sjå revidert støyrapport. Sjå nye 3D-illusrasjonar Vegen ned til Nesheim er no teke ut.</i>
David Spildo og Sigrid Seim	<i>Betre dokumentasjon på støv og støy Regulere arbeidstida Avkøyrsla til Nesheim</i>	<i>Sjå reviderte rapportar Sjå reviderte føresegner Vegen ned til Nesheim er no teke ut.</i>
Aud Gurine og Per Gunnar Erga	<i>Lik bruksrett på jernbanetraseen. Betre retningsline for bruk av traseen. Ta omsyn til flora og fauna langs traseen. Betre varsling av arbeid</i>	<i>Avklarast av Heradet Løysast gjennom avtaler med heradet grunneigarar og tiltakshavarar. Planområdet er redusert for nedre del av traseen, traseen som er mest sårbar for inngrep. Varsling og rutinar skal gå fram av driftsplan, som skal godkjennast av Direktoraet for mineralforvaltning.</i>
Harald Solberg og Anneberit Mykling m/fam	<i>Plagene frå støy og støv er ei belastning for bebuarane. Eigedomane vil få eit verditap som fylgje av drifta – kven skal dekkja inn tapet?</i>	<i>Sjå reviderte rapportar for støv og støy. Konsekvensar av eit vedtak, både positive og negative må sjåast i samanheng med heilskapen.</i>
Advokatfirmaet WKS – Jon og Olga Prestegard	<i>Ynskjer avklaring vedr. møte og habilitet</i>	<i>Fylgjast opp av Heradet</i>

VURDERING:

Konsekvensar av tiltaket

Under er administrasjonen si vurdering av kva konsekvensar planframlegget vil ha, delt inn i tre hovudkategoriar. Under vert dei innkomne merknader vurdert og kommentert. For bakgrunnsinformasjon viser me til planomtalen, då særleg KU'en.

Naturmangfoldlova § 8 stiller krav til kunnskapsgrunnlaget. Me viser til planomtale, KU og eksterne rapportar, som i sum gjev eit godt beslutningsgrunnlag.

Miljø

To av dei miljørelaterte tema som har fått størst merksemd i planprosessen er landskapsinngrep og ureining til vatn og luft (støv og støy). Temaene heng i hop på det viset at landskapsinngrepet jo avdekkar lausmasser og endrar avrenninga. Nærleiken til eit verne vassdraget har også hatt betydning, både som resipient for ureining, men også som element i eit landskapsrom: dalføret frå Granvinsvatnet og mot Skjervet. Drifta vil i seg sjølv produsere støv og aktiviteten vil i seg sjølv generere støy. Naturmangfoldlova § 9 – føre-var-prinsippet – er relevant i denne samanheng. Det er et mål i planen å minimere den negative verknad, men også å overvåke slik at korreksjon er mogleg. Det er vår vurdering at § 9 difor er oppfylt.

Når det gjeld landskapsinngrepet er vår vurdering at konsekvensen er tydeleg og negativ. I planomtalen 6.0 – s.12, 6.1 – s.22 og 7.7 - s.47, er inngrepet visualisert og følgjande av drifta beskrive som inngrep i terrenget. Innsyn frå ulike retningar er også vist så godt som mogleg. Etter vår oppfatning er det no eit godt grunnlag for å vurdere omfanget og fatte vedtak på bakgrunn av dette.

I KU'en er konsekvensen sett til 'stor negativ, som er nest sterkaste negative resultat. Det er altså gjeve klart uttrykk for at inngrepet vert stort, noko som er tydelig om ein ser på andre steinuttak i td. Jondal og Voss. Ettersom det årleg uttak ikkje kan regulerast er det lagt inn krav om rekkjefølge og fortløpande istandsetjing, som nemnt i fakta-delen. Sjølv om inngrepet uansett vil vere klart synleg er det håp om at området vil kunne tilpassast kringliggjande terreng etter kvart som drifta kjem i gang.

Det er laga eigne fagrapportar om både mogleg støv og støypåverknad samt korleis det er mogleg å dempe dei negative følgjer av dette. Etter vårt syn viser desse at ligg aktiviteten planen innafor lovens krav. Tiltakshaver er også pålagt målingar av både støv og støy, noko som vil kunne sikre at ein ligg innafor grenseverdiane. Samstundes er det rom for tolking, da opplevelsen av påverknaden er subjektiv og forskjellig frå plass til plass. Lokal topografi vil ha mykje å sei for korleis den einskilde opplevar effekten. Me meiner rapportene på ei oversiktleg og god måte gjer greie for korleis ein kan forstå hhv. effekten av støv og støy. Det kviler også eit ansvar på Granvin herad for å følgje opp målingane og dei avbøtande tiltak.

Avrenning og påverknad på vassmiljøet, Granvinvassdraget, har også vore gjenstand for mykje usemje. I 2. revidering av planframlegget, som ligg føre, har me innhenta ekspertise frå Ecofact, som prosjekterer renseparker med biologisk rensing. Dei har synfart området og etterfølgjende skissert eit renseopplegg for driftsområdet. Mykje av usemjen rundt avrenning gjekk på korleis ein kunne fange opp avrenning i perioder med stor nedbør. Framlegget prøver å løyse dette ved å 1) etablere avskjerande renseparker nedst i driftsområdet, som skal ta hand om al avrenning frå driftsområdet 2) Så vidt mogleg bevare bekkeløpene og leie desse utanom eller under driftsområdet og vidare nedstrøms 3) Overvåking; eit spesifikt opplegg for prøvetaking der kjelden til overskriding av grenseverdier vil kunne identifiserast. Me meiner ein då vil kunne justere og tilpasse opplegget, slik at negative effekten på vassmiljøet vert minst mogleg og iallfall under fastsette grenseverdier. Som del av overvåkingsprogrammet vil prøvene bli vurdert ekstern av ein fagkonsulent, slik har skjedd med massedeponiet på Nedre Spildo. Igjen er det klart at ein slik tilgang stiller krav til både tiltakshavar og reguleringsmynde med tanke på oppfølging.

Andre miljøspørsmål er vurdert i KU'en, men dei største negative konsekvensene for miljøet finn ein knytt til ovanståande.

Likevel er det klart er ein totalt sett utsett naturmiljøet for påverknad gjennom i slik drift. Ein total verknad er vanskeleg å måle, da fagvurderingar er delt opp i avgrensa felt som ikkje i stor grad tek omsyn til indirekte effekter. Jamnfør naturmanfoldlova § 10, bør samla belastning vurderast. I vår vurdering legg me vekt på at området ikkje i seg sjølv har unik eller sårbare arter. Ei heller er området i seg sjølv unikt som landskap. Det er del av eit dalføre med eit tydeleg kulturlandskap. Jernbanetraseen som no skal nyttast som tilkomst, var i si tid eit stort inngrep som framleis i dag viser at i lia. At eit verna vassdrag er del av delen har stor betydning. Likevel vurderer me ikkje at den samla belastning over tid vil endre så negativ på heilskapen per i dag – *føresett at opprydding og istandsetjing vert gjennomført på ei god måte* – at ein ikkje kan gjennomføre tiltaket.

Økonomi

Med å vurdere økonomiske perspektiv ønskjer me både å peike på nokre samfunnsøkonomiske konsekvenser av tiltaket, men også lokale og kommunale perspektiv. Overordna sett kan planen sjåast utifrå føremålet: å produsere naturstein og andre mineralske ressurser. Absurt nok er td. Hordaland nettoimportør av slike ressursar, sjølvom det er eit stort overskot frå anleggsprosjekt, særleg infrastruktur. Naturstein vert i større og større grad nytta til både store konstruksjonar og i kombinasjon med grøntanlegg, i staden for td. betong. Per i dag er det ofte større enn produksjonen og det er ofte ventetid på levering. I sum gjev dette ein situasjon der stein vert transportert over store avstander; regionalt, nasjonalt og endda internasjonalt. I dette bilete er natursteinsuttaket med på å tilby ei etterspurt ressurs lokalt og regionalt, som det er underskudd på per i dag. Samstundes er det klart at dei negative effekter av å etablere steinuttak også kan vere grunnen til underskuddet.

Det er også positivt samfunnsøkonomisk å nytte ei nedlagt jernbanetrase, som elles ikkje har vore tilgjengeleg for bruk.

Planframlegget skisserer eit økonomisk scenarie av steinuttaket som har positive konsekvenser for tilbodet av arbeidsplasser. I tillegg vil det bidra positivt til ei lokalt viktig bedrift. Grunneigarane i driftsområdet er lokale bønder, som truleg også vil få eit positivt utbytte, da landbruksverdien av området ikkje er avgjerande stor. Motsett nabokommunane har ikkje Granvin herad nokon stor reiselivsaktivitet. Den negative effekt på landskapet vil difor truleg ikkje kunne merkes i at Granvin som reisemål for redusert kvalitet. Unntaket kan vere Skjervet og fisken i Granvinsvassdraget, det ein ny rasteplass er etablert. Likevel; i planleggingen av rasteplassen var det teke omsyn til trafikk på jernbanetraseen, slik at installasjonene ikkje vart plassert i konflikt med driften. Førutsett at konsekvensen på naturmiljøet ikkje vert uopprettelig negativ, skal det vassdraget ikkje bli dårligere for fisk enn per i dag.

For Granvin herad vil ei vedtak av planen medføre ei auka oppfølging. Heradet må nytta personalressurar over ei lenger periode og det er viktig at oppfølginga vert fagleg god. Det er også truleg at dei som ikkje ønskjer uttaket vil bidra til å sette fokus på uttaket.

Lokalt vil negative helseeffekter klart kunne sjåast på som ei negativ økonomisk effekt. Det er grunn til å ha dialog med kommuneoverlegen for å prøve å tilpasse den daglege driften for å minimere dette.

Om ein skal ta inkomne merknader for pålydande kan det også bli snakk om fråflytning. Dette kan også bli ei negative følge av tiltaket.

Helse, miljø og tryggleik (HMS)

I relasjon til spørsmålet om negative lokale konsekvenser omtalt under 'Økonomi', er det jo også eit konkret spørsmål om HMS. Deler av området er no kartlagt med tanke på skredfare og dimensjonerande hendingar. Som utgangspunkt er ikkje drifta av uttaket noko som i seg sjølv krev dette. Men skulle ein etter kvart etablere meir permanente konstruksjonar vil det krevje ei slik kartlegging. Difor meiner me kartlegginga bør vere på plass før oppstart, slik at ein har grunnlag for å handsame søknader seinare. Kartlegginga viser at det finns areal, der det er mogleg å etablere meir permanente byggverk, som td. arbeidsbrakkje om dette skulle bli aktuelt.

I merknadane er ulike aspekt som vert trekt fram om helse og tryggleik knytt til drifta: Støv kan utgjera ei fare for beitedyr og skape luftveisproblem og kroniske sjukdomar. Støy – og då særleg punktstøy – kan skape mistrivnad og forringe opplevinga av eit rolig ytre miljø. Med utgangspunkt i dei vedlagte fagrappporter og KU'en har me følgjande vurdering. Støv består av ulike fraksjoner, det den største del er partikler med ein storleik som ikkje vert transportert over lange avstandar. Samanlikna med partikler frå vegslitasje/trafikk, har ikkje steinstøv same dokumenterte negative effekt. I drifta vil hovudkjelda til støv vere nokså konsentrert; knusing og handtering av steinmasser. Lovverk har sett 500 m som grensa, og

innafor denne ligg ei bustad. Lovverket tek ikkje omsyn til beitedyr og slåttemark, men dette vil vere nærmare enn 500 m. Likevel er det vår vurdering av kombinasjonen av typen støv og moglegheita for avbøtande tiltak (vatning) i utgangspunktet gjer at denne påverknad kan handterast på ei god måte. Når ein får målingar av støvnedfallet vil det vere mogleg å intensivere vatning.

Støy kan, på same vis som støv, knytast til helseeffektar. Gjennom planprosessen har det i mange merknader kome vitnesbyrd, der opplevinga av støy (får prøvedrifta) er svært negativ. Me meiner slike opplevingar bør takast på alvor. Samstundes må ein, om natursteinsuttaket skal ha ein rasjonell drift, komme til semje om eit opplegg som alle kan leve med. Her er avgrensing i arbeidstid sentralt. I mange merknader vert det trekt fram som særskilt negativ når det har vore støy på kveld eller i helger. Det er opning for politisk å fastsetje kva arbeidstid som skal gjelde. Per no er framlegget:

D. Driftstider, jf PBL § 12-7 nr 2 og 3

Driftstid i anlegget er kl. 0700-1600 på kvardagar, måndag-fredag, med moglegheit for lasting av murstein og ferdigvare fram til kl. 19.00. Laurdag er det tillate med transport og lasting av massar kl. 0700-16.00 Boring, sprenging, pigging og knusing er berre tillate måndag -fredag 07.00-16.00. Drift er ikkje tillate søndag og helgedagar. Full stopp (2+2 veker) i fellesferien

Det er ei balansegang. Leveransen av stein kan truleg ikkje skje som ei jamn strøm, men vil bli knytt til konkrete oppdrag med ei frist. Det er difor gunstig for tiltakshavar med ei vis fleksibilitet. Omvendt vil det truleg være best for naboar med ei helt fast ramme.

Avbøtande tiltak er i denne samanheng i tillegg fysisk skjerming. Ifølge framdriftsplan for drifta, vil profilen med pall-drift skape ei naturleg skjerming utover dei støyvoller som skal etablerast. Området for sortering og foredling vil ligge nedanfor uttaksområdet. Pigging skal skje bak støyskjerm. Denne typen punktstøy vil difor kunne dempes slik at det samla støybiletet vil bli mindre markant, ifølge fagrapporten.

Sjå også drøfting av støy på bakgrunn av dei innkomne merkander og framlegg til tilleggspunkt under.

Kommentar til innkomne merknader

I tillegg til den generelle vurderinga over er det grunn til å ta opp nokre av dei meir spesifikke innspel som kom inn i høyringsperioden. Plankonsulentene sine kommentarer viser at fleire konkrete krav er imøtekome i første revidering. Det gjeld mellom anna krav om skredvurdering, som er gjennomført, og problemstillinger rundt bruken av tilkomst frå Nesheim, som no er teken ut av planen.

Støy er teke opp i mange private merknader som ein sær negativ konsekvens av tiltaket. Særleg er dei private merknader rundt Spildo særskilt kritiske basert på erfaringar frå prøvedrifta. Dei trekk fram støy frå lasting og transport som særskilt negativt. På denne bakgrunn er også arbeidstidas oppdeling i tid med berre lasting og transport mindre relevant. For mange naboar opplevdes 7-19 (7-16 laudager) som den reelle arbeidstid.

Fagrapporten om støy er tydeleg på at opplevd støy ikkje kan fastsettes sikkert med ei målgrænse (desibel, Db). Nivået på bakgrunnsstøy har stor påverknad. Med endringa av Rv13-traseen forsvandt ei stor vedvarende til bakgrunnsstøy i Øvre Granvin; trafikk. Paradoksalt nok kan det virke som om det nettopp er bebuaranes oppleving av Spildo som ei fredeleg plass som gjer at støyen frå tiltaket ekstra negativ. Det same problem går att i oppdelinga av arbeidstida i ordinær drift 7-16 og lasting/transport 16-19. Bakgrunnsstøyen vil då være borte og aktiviteten vil truleg likevel opplevdes som støyende. Eit slikt synspunkt går att i dei private merknader frå Spildo.

Spørsmålet er om planen gjer nok for å dempe støy? Når det gjeld grenseverdier gjev fagrapporten grunnlag for å svare 'ja' sett opp mot lovverket. Avstanden til bustader gjer at aktiviteten kan utføres under lovverkets støygrensar. Planen legger opp til oppfølging undervegs. Dette pålegger Granvin herad eit ansvar som reguleringsmynde.

Å leggje strengere restriksjoner på arbeidstid vil være eit avbøtande tiltak for dei som er råka av støy. Som nemnt er det er ein grense for kor avgrensa arbeidstida kan vere, om ein ønskjer ei økonomisk berekraftig drift. Alternativet vil då vere ikkje å regulere området til uttak. Ifølge lovverket er dagtid 7-19. Driftstida er sett til 7-16 og det er då innafor dette tidsrommet ein kan oppleve mest støy. Likevel er det grunn til å vurdere oppdelinga av arbeidstid etter type arbeid. Når transport og lasting ikkje oppleves som mindre støyende, kan ein velje å gå bort frå dette. Då vert arbeidstida absolutt. Ei slik avgrensing kan sjåast i samanheng med heile driftsperioden; ei drift som er stabil over tid og ikkje *for* intensiv over kort tid. I føresegnene trekk også oppdelinga i delområde og rekkjefølgekravene mellom dei i den retning. Me ønskjer å formulere dette som tillegsspunkt til sluttvedtaket.

Støv er ei anna sentralt ankepunkt. Det er trekt fram at prøvedrifta kunne merkes på Spildo og at personar med luftveislidelser måtte auke medisinbruken. Det er al grunn til å ta slike problem på alvor. Igjen har planlegger utarbeid ein fagrapport som underbygger vala i planframlegget. Ifølge gjeldande praksis er avstanden til bustader, med unnatak av eit hus, innafor Prøver av støynedfallet, og evt. lokale observasjonar vil bli viktige for å kunne tilpasse avbøtande tiltak best mogleg. Støving frå transport ved avkjørsel til Rv13 er også trekt fram som problematisk. Tiltak som vatning og salting kan vere aktuelle, men ein bør prøve å finne meir permanente løysingar. Går det an å skjerme området betre? Kan materialet evt. plasserast lenger vekk frå avkjørslen? Plasseringa av avkjørslen er vanskeleg å endra.

Fleire merkander tek opp lengda for den samla drift. Ved fastjinga av planprogram i formannskapet vart 5+5 år vedteke. Etterfølgjande vart det i høyringsframlegget argumentert for 10+10år. Dette fikk tilslutning i formannskapet. Me har valt å la reguleringsplanen gjelde i 20 år, jf føresegnene 3.1.1.

Me meiner det vert for vanskeleg i praksis med ei opsjonsmodell (som 10+10).. Enten bør driftsperioden være 10 eller 20 år. Særleg med tanke på opprydding og istandsetjing vil ei oppdelt periode være vanskeleg å følgje opp. Me meiner at ein bør fastsetje ei periode politisk. Om ein då ønskjer å utvide perioden, vil dette være ei ordinær planendring. Planen har no som mål å minimere driftsarealet til ein kvar tid og samstundes sørge for istandsetjing undervegs. Me har difor lagt 20 års drift til grunn. Om ein avgrenser arbeidstida, meiner me dette styrker 20 år, framfor 10 år.

Mange merknader tek også opp landskapsinngrepet. Me meiner påverknaden på landskapet er tilfredsstillande visualisert. KU'en og planomtalen har også tydelege forklaringer av dei ulikedriftstrinn og konsekvensen for landskapet. Som nemnt er denne sett til 'stor negativ'. Ein er altså klar på at konsekvensen er klart synleg. Samstundes vurderes det at ein ved god gjennomføring kan akseptere ei slik negativ effekt. Det er klart at denne vurdering kan være markant annleis for naboar og andre. Houvdsysnpunktet er at inngrepet kan istandsettes ved revegetering og at dette primært er eit tidsspørsmål.

Vurdering mot Notat frå administrasjonen dato 26.01.15 og saksutgreiinga for utlegging til offentleg ettersyn

I notat og saksutgreiing vart det peika på manglar i planframstillinga og moment som var uklare. Mykje av dette vart teke opp av fylkesmannen i motsegnet til planen. Så langt me kan sjå er manglane retta opp.

Vurdering mot Fylkesmannen si vurdering av første revidering av planen 17.06.16 og Fylkesmannen si vurdering av andre revidering av planen, 23.09.16

Granvin herad sendte 02.09.16 følgjande vurdering av andre revidering sett opp mot FMHO sine merknader:

Om dokumenterte negative effektar på landskapet

Framstilling og vurderinga av tiltakets påverknad ligg uendra til grunn. Revideringa har fokusert på avbøtande tiltak:

- Vegetasjonsbelter der skjøtsel og drifts er regulert – føremåla VS1-7 og LNF/VS1-2. Målet er i størst mogleg omfang å redusere innsynet til driftsområdet.
- Rekkjefølgjekrav og grenser for driftsareal som til ein kvar tid kan være i drift – særleg føresegnområde #3 og #4 og 3.1.1 bokstav E og F.
- Redusering av driftsområde. Området er no på 122 daa. Sjå kommentar under.
- Generell oppstramming av føresegner på regulering av drift.

Om risiko for uoppretteleg skade på naturmangfald i verna vassdrag

Det er henta inn kompetanse på rensing av overflatevatn og handtering av avrenning frå Ecofact. Grunntanken i rapporten er å *skille* avrenning gjennom område og avrenning frå område. Slik vert det mogleg å reinse avrenning frå driftsområder på ein godt utprøvd måte; reinseparker med biologisk rensing. Metoden er etablert og beskrevet i fleire rapporter dei siste 10 åra. Arbeidet er framstilt i ein rapport 09.08.16.

- Reguleringsplanen har innarbeid løysningene i rapporten som grunnlag for handtering av overvatn og rensing, herunder rekkjefølgjekrav – særleg #1 og #2 og 3.1.1 bokstav C.
- Dimensjonering har klar og talfesta samheng med driftsområde.
- Overvåkingsprogram er revidert slik at reinsing frå renseparkene vert dokumentert og korreksjon er mogleg.

Om storleik på driftsområdet

Sjølve uttaksområdet er no på 122 daa. Det er vår vurdering at ein reduksjon i seg sjølv samla sett vil være negative for ei fornuftig og solid gjennomføring eit slikt tiltak som natursteinsbrot. Viktigst er at tidshorisonten og omfanget må være slik at tiltakshavar får evne til å investere i dei avbøtande tiltak som planen krev. Ved samanlikning med andre tilsvarande steinbrot i regionen ligg storleiken på eit rimeleg nivå.

Det er sentralt å merke seg at:

- I praksis vert driftsområde langt mindre enn det totale område – SBM1-4, særleg bokstav E og F samt føresegnområde #3 og #4.
- Undervegs vil istandsetting og revegetering skje, slik at avslutta områder vil gro at innafør driftsperioden. Istandsetting er direkte kopla til opning av nye område, for å sikre det – sjå same punkt som over.
- Opplegg for handtering av overvatn/avrenning gjer at storleiken på driftsområdet er dokument opp mot dimensjonering av reinsetiltak.
- Pålegg om kontinuerleg oppfølging/synfaring av drift bidra til sikring av vilkåra over.
- Avbøtande tiltak er meir fokusert enn tidligare når det gjeld å hindra innsyn til området.

I brev av 23.09.16 understreikar FMHO m.a. at «*Vi understrekar at vi framleis finn at området for masseuttak er stort og har konfliktpunkt. Under tvil vil vi ikkje krevje ytterlegare reduksjon av området, men legg stor vekt på at det ikkje skal vere større. Vidare er det avgjerande for dei omsyna som vi skal ta vare på, at handteringa av dei ulike problema blir godt følgt opp og gir ønskeleg resultat, slik som det no er skildra og også tatt inn i dei juridisk bindande føresegnene. Det er viktig at både tiltakshavar, kommune og kontrollmynde følgjer opp det*»

FMHO ser på første punkt i føresegnene 3.1.1 - «*Området skal setjast i stand fortløpande etter som drifta av delar av massedepoiet eller masse-uttaket vert avslutta*» - som sentralt. Dette er på linje med rådmannen si vurdering.

FMHO ønskjer ei presisering av føresegnen 2.2.2. Dette er endra.

Framlegg til tilleggspunkt om arbeids, føresegene 3.1.1 bokstav D

Jamfør drøfting i vurdering av konsekvenser av støy under HMS og under vurdering av innkomne merknader. Oppdelinga av arbeidstid i hhv. drift og lasting/transport synes ikkje å bli oppfatta som ei reell reduksjon av naboar som opplever støyen som negativ. Rådmannen gjer difor framlegg om eit tilleggspunkt der arbeidstida er absolutt.

-Laurdag går ut.

-Driftstid vert sett til 7-17 (10 timer) på kvardager. Auke med 1 time i driftstid er delvis kompensasjon for mindre total arbeidstid. Sprenging er likevel avgrensa til 7-16 av lovverket.

Samandrag

Rådmannen si samla vurdering er at planen kan vedtakast slik den ligg føre. Dei innkomne merknader og den etterfølgande dialog med FMHO har bidrege til å styrkje kvaliteten av planen. Planen som no ligg føre er samsvar med vilkår for fjerning av motsegn.

Sentrale grep har blitt kvalitetssikra via eksterne rapportar. Dei samla plandokument har no eit stort omfang, men det har vore naudsynt al den tid det har vore reist tvil om skadeverknadene av tiltaket. Me meiner framlegget no løyser dette på ei måte som samstundes går an å forene med ei lønnsam drift.

Me ønskjer likevel å streke under at grenseverdiar for td. støy og støv, arbeidstid mv. er grensar som kan gjerast strammare enn lovverket stiller krav om. Lovverket sine krav er eit minimum. Granvin herad har heimel til å stille andre krav, om ein finn grunnlag for dette. Me meiner dei innkomne merknader gjev ei slik grunn. Me gjer difor framlegg om eit tilleggspunkt til sluttvedtaket, der arbeidstida vert avgrensa absolutt til måndag til fredag 7-17. Dette må sjåast i samanheng med i driftsperiode på 20 år.

Me meiner planen på ei forståelig måte framstiller konsekvensen av planvedtaket. Me har trekt fram sentrale moment – i hovudsak dei negative – som det grunn til å vere godt kjent med. Me har lagt vekt å vise at planen også har konsekvensar for Granvin herad i form av ressursar som må nyttast til oppfølging. Det er sentralt for at planens grunnleggjande prinsipp om ei kontinuerleg tilpassing skal bli gjennomført.

Nye opplysningar i saka

Under handsaming av saka i heradsstyret 14. desember 2016 bad fem medlemmer om å få vurdert gildskapen sin. Tre av dei vart vurdert som ugilde. Ein har sett at drøftinga og avstemminga av gildskapen ikkje blei handtert rett etter KommuneLOVA §40 nr. 3 og ForvaltingsLOVA § 8.

Under møtet valde ein å vurdere gildskapen til eit og eit medlem. Dette er ikkje i tråd med LOVA. I KommuneLOVA § 40 nr. 3 blir det presisert at ForvaltingsLOVA kap. 2 om ugildskap også gjeld politiske organ. I ForvaltingsLOVA § 8 står det:

Tjenestemannen avgjør selv om han er ugild. Dersom en part krever det og det kan gjøres uten vesentlig tidsspille, eller tjenestemannen ellers selv finner grunn til det, skal han forelegge spørsmålet for sin nærmeste overordnede til avgjørelse.

I kollegiale organ treffes avgjørelsen av organet selv, uten at vedkommende medlem deltar. Dersom det i en og samme sak oppstår spørsmål om ugildhet for flere medlemmer, kan ingen av dem delta ved avgjørelsen av sin egen eller et annet medlems habilitet, med mindre organet ellers ikke ville være vedtaksført i spørsmålet. I sistnevnte tilfelle skal alle møtende medlemmer delta.

Medlem skal i god tid si fra om forhold som gjør eller kan gjøre ham ugild. Før spørsmålet avgjøres, bør varamann eller annen stedfortreder innkalles til å møte og delta ved avgjørelsen dersom det kan gjøres uten vesentlig tidsspille eller kostnad.

Sakshandsaminga i møtet 14.12.16 blei feil. Saka bør difor handsamast på nytt etter Forvaltingslova §8 2. ledd.